



Kvernhusmyrane 20

Medlemmar i samarbeidsforum for desentralisert kompetanseutvikling
ISDALSTØ5914

Saksbehandlar, innvalstelefon

John Ole Vange, 5764 3110

Invitasjon til møte i fylkesforumet for desentral kompetanseutvikling i skulen

Møtedato: 5. april
Tid: 10.00 – 15.00
Stad: Statens hus, Kaigaten 9, Bergen

I 2017 innførte Kunnskapsdepartementet ei desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skulen. Statlege midlar skal byggje opp om skuleeigar sitt ansvar for kvalitetsutvikling og stimulere til eit langsiktig og sidestilt samarbeid mellom skuleeigarane og universitet/høgskular (UH). Ordninga gjeld friskulane på lik linje med dei offentlege skulane, og vidaregåande opplæring er med i ordninga frå 2019. I år skal Fylkesmannen tildele litt over 27 mill. kr. til kompetanseutvikling gjennom denne ordninga.

Ordninga har som mål og premiss at samarbeidet mellom lærarutdanningane og praksisfeltet skal styrkast. Fylkesmannen i Vestland har utarbeidd eit grunnlagsdokument for ordninga som ligg ved dette brevet. I dette dokumentet går rammene og premissa for ordninga fram. Vi ber alle skuleeigarane om å lese dette.

Organisering

Fylkesmannen har fått i oppdrag å etablere eit fylkesforum som mellom anna skal einast om prioritering av tema og fordeling av midlar innanfor dei føresetnadane staten har sett for ordninga. Korleis fylkesforumet kan samarbeide på ein tenleg måte, og korleis sektoren kan involverast på alle nivå, blir tema i møtet den 5. april.

Fylkesmannen har utarbeidd eit dokument som gjer greie for hovudlinjene i ordninga, og korleis vi ser for oss at fylkesforumet kan organiserast f.o.m. 2019. Dette ligg ved denne invitasjonen.



Til informasjon og drøfting i møtet:

Føresetnadane for ordninga v/Fylkesmannen

- kva rolle skal / kan fylkesforumet ha ?
 - kven bør delta i fylkesforumet (aktørar)?
 - Storleik
1. Plan for kompetanseutvikling. Kva er naudsynt og kva er realistisk?
 - for Vestland
 - for kompetanseregion
 - for skuleeigar
 2. Modellar for kostnadsdekking
 - Skule / skuleeigar og UH
 - Prinsipp for fordeling av midlar mellom skuleeigar – regionar – fylkeskommune
 3. Kopling til fagfornyninga
 4. Oppsummering og vidare arbeid

Vi ber om tilbakemelding på kven som stiller til møtet innan 1. april. E-post kan sendast til fmsfjov@fylkesmannen.no.

Med helsing

Anne Hjermand (e.f.)
utdanning- og verjemålsdirektør

John Ole Vange
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Grunnlagsdokument desentralisert kompetanseutvikling